

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	14/4053

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
52/2014	Utval for levekår	PS	04.11.2014
69/2014	Kommunestyret	PS	19.11.2014

Søknad om spelemidler 2015 - Nærmiljøanlegg - Rehabilitering av ballbinge i Frekhaugmarka - 1256000501

Vedlegg:

innsendt elektronisk søknad

Vedlegg 2a - Kostnadsoverslag rehabilitering av ballbinge - Frekhaugmarka

Vedlegg 2b - Frekhaugmarka vel Kostnadsoverslag ny ballbinge 2014

Vedlegg 5 - Frekhaugmarka vel Avtale om leie av areal til ballbinge 21 10 14

Frekhaugmarka vel Behovsvurdering ny ballbane

Førehandsgodkjenning rehabilitering av Frekhaugmarka ballbinge

Frekhaugmarka vel Søknad om spillemidler til ballbinge

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frekhaugmarka vel søker om spelemidler kr 285 000 til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining 1256000501, gnr/bnr 23/501. Den eksisterande ballbingen blei bygd i 1997 og var finansiert av blant anna spelemidler kr 240 000 og tilskot frå Hordaland fotballkrets. Ballplassen fekk tilslag på spelemidler kr 175 000 til andre tiltak i 2002.

Vurdering

Totalkostnad for ballbingen er kr 570 000. Tiltaket skal finansierast med spelemidler kr 285 000, dugnad kr 186 000 og eigenkapital kr 99 000. Leverandør av ballbingen er Scansis, som leverer godt kjende ballbingar av høg kvalitet. Vellaget har vist stor handlekraft og god gjennomføringsevne ved andre nærmiljøtiltak og – anlegg, og er ein pådrivar og inspirasjonskjelde for godt nærmiljøarbeid. Rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass er prioritert i handlingsprogrammet til Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 med ferdigstilling i 2015. Tiltaket blir vurdert til å vere svært positivt for nærmiljøet til barn og unge i Frekhaugmarka og andre område i nærleiken. Laget vil drive bingen gjennom kontingentinntekter og andre midlar. Det skal opprettast eit eget styre i vellaget som skal ha ansvar for drift og vedlikehald. Spelemiddelsøknaden er prioritert av Meland idrettsråd og godt forankra lokalt.

Administrasjonen forventar og stiller som krav til endeleg oversending til fylkeskommunen januar 2015 at det blir levert inn detaljert og godkjent overslag over dugnadstimar og skriftleg tilbod på arbeidskostnadar på til dømes avhending av avfall. Vidare forventar administrasjonen på tilsvarande vis at det blir levert utskrift av grunnbok med den her vedlagde leigeavtalen som tinglyst hefte på

eigedomen. Laget skriv i vedlegget «Frekhaugmarka vel Søknad om spillemidler til ballbinge», jp. 14/16222, at den resterande eigenkapitalen på kr 88 000 vil vere på plass i januar 2015 gjennom innkrevjing av kontingent for same år, i tillegg til at dei har fleire søknadar inne til ulike tilskotstildelarar. Administrasjonen stiller òg her krav til at laget kan dokumentere at denne eigenkapitalen er på plass innan fristen for endeleg oversending til fylkeskommunen. Dokumentasjon på eigenkapital per dags dato er levert med søknaden, men ikkje lagd ved denne saka.

Folkehelse

Tiltaket er prioritert i handlingsprogrammet til Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019. Tiltaket har svært positiv innverknad på god folkehelse, særleg for barn og unge.

Miljø

Ikkje særskild vurdert i saka.

Økonomi

Tiltaket skal finansierast gjennom spelemidler, dugnad og eigenkapital. Laget har hatt ei god og sunn drift over lengre tid. Tiltaket vil ikkje belaste kommuneøkonomien.

Konklusjon

Rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass med søknadssum kr 285 000 er prioritert i handlingsprogrammet til Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 og prioritert av Meland idrettsråd. Tiltaket er svært positivt for nærmiljøet i Frekhaugområdet.

Framlegg til vedtak:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

Utval for levekår - 52/2014

ULK - behandling:

Erling Rønnestad (Krf) vart permittert før handsaming av denne saka.

Mabel Johansen (H) melde seg inhabil og var ikkje med på vedtak.

ULK - vedtak:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

Kommunestyret - 69/2014

KS - behandling:

Mabel Johansen og Erling Rønnestad gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

KS - vedtak:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.